

Tysnes kommune  
Fylkesmannen i Hordaland  
Fiskeridirektoratet Region Vest  
Kystverket Vest  
Mattilsynet Region Sør og Vest


Dato: 27.06.2017  
Vår ref.: 2017/4837-3  
Saksbehandlar: Trond Wahl  
Telefon:40 91 62 23

## Lerøy Vest AS org. nr. 886813082 - Søknad om løyve til dyrking av blåskjel og tare ved Toneset i Tysnes kommune

Hordaland fylkeskommune sender med dette kopi av søknad motteke 06.06.2017 frå Lerøy Vest AS om løyve til dyrking av blåskjel og tare på ny lokalitet ved Toneset i Tysnes kommune.

Lerøy Vest AS søker om løyve til dyrking av blåskjel og tareartane; sukkertare, fingertare, butare, søl, fjærehinne og havsalat. Dei søker om ein konsesjon på maks 800 tonn pr. art for dei ulike tarene og blåskjel.

Omsøkt område er på omlag 200 x 600 meter og ligg vest av lokalitet 13541 Midtflua og 14799 Djupestallen.



Figur. Syner omsøkt område.

Produksjonen av makroalgar skjer i to trinn; sporofytt produksjon på land og makroalgeproduksjon i sjø. Det skal nyttas algar som er av regional avstamming slik at det ikkje vil ha noko konsekvens for den regionale populasjonen dersom algane forplantar seg. Det vert nytta tradisjonelt oppsett i form av bøyestrekk. Designa for algeproduksjonen vil verta dimensjonert i høve gjeldande regelverk.

Hovudformålet med blåskjelproduksjonen er å etablere ein metode for industriell produksjon av blåskjel for bruk til andre formål enn direkte humankonsum.

Lerøy Vest garanterer for å dekke kostnader ved evt., opprydding frå blåskjelproduksjonen.

Hordaland fylkeskommune ber om at Tysnes kommune vurderer søknaden, samt legg søknaden ut til offentleg ettersyn, i samråd med søkjar, i ein periode på 4 veker. Søknaden skal i denne samanheng annonserast i Norsk Lysingsblad og to aviser som er vanleg lest i området (jf. *Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret § 8*). Faktura for annonseutgifter kan sendast til søkjar.

Eventuelle merknader frå offentleg ettersyn og kommunen si handsaming av saka ber ein om vert send til Hordaland fylkeskommune og Nærings- og fiskeridepartementet snarast råd, og innan 3 månader (jf. *Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4*).

Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De kontaktar sakshandsamar

Trond Olav Wahl  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*